

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 16.08.2022

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Marta Samland, Oddmund Skeie Veslemøy Mjelde, Ingebjørg Grøtt og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Thorleif Gjernes

Referent: Kaia

**Sak 2022/45: Godkjenning av innkalling og dagsorden.** Godkjent

**Sak 2022/46: Godkjenning av referat frå styremøte 07.06.2022.** Godkjent

Kommentarar:

Sak 2022/44: Kenneth Vikane avbryter opphaldet på Bjørnøya grunna ny jobb, og kjem att som styremedlem frå september.

Sak 2022/40: Me har snakka med Bård Gram Økland om bistand rundt infoskilta ved Sævarebrua og på hellerissfeltet, han prøver å finna ut kven som har filer/har laga skilta og kven som er ansvarleg for å fornye dei.

**Sak 2022/47: Eigedomar:**

- Meieriet, leigeavtalen med Kram Sjø går ut 31.12.2022. Styret må starte arbeidet med å framforhandle ny avtale. Me avtaler eit innleiande møte med Stig Otto Mjelde/Kramsjø i veke 34, Ole, Angunn og Kaia møter for HB.
- Innhente pris på asfaltering av skuleplassen. Prøve å få det i lag med anna asfaltering i distriktet. Oddmund Skeie hentar inn anbod til neste styremøte. Me satsar på å søke økonomisk støtte til tiltaket.

**Sak 2022/48: Tilstellingar:**

- Bygdelagsbasaren: styret vedtek å flytte basaren frå 29. desember til laurdag i vinterferien, 25. februar 2023.
- Turistsesongoppsummeringsmøte 2022: HB inviterer alle med interesse og engasjement for turisme til møte på Herand kulturhus tysdag 27. september 2022. Invitasjon til verksemder og på fb og plakattavlen.
- Meieriet prøver å få til ein quiz ila hausten i lag med bygdelagsstyret.

**Sak 2022/49: Ullensvang kommune:**

- Trafikktryggleiksplan ligg ute på høyring, sende inn høyringsuttale innan 15.09.2022. Aktuelle innspel er fartsreduserande tiltak frå butikk til bedehus, parkering i sentrum, omlegging av hovudveg gjennom sentrum, rekkverk langs Idlackleiv++. Ole lager eit utkast til neste styremøte.
- Søknad om fritak for eigedomsskatt for 2023. Angunn er på saken.

**Sak 2022/50: Økonomi:**

- Bygdabladet; liste over ubetalte blad. Det er no siste moglegheit å betale før bladet stoppast, påminning er sendt ut. Bladstyret set pris på melding om endringar i abonnement.
- Rekneskopen; så langt styrer det mot eit overskot for inneverande år.
- Herand Kulturhistoriske Senter: lite besøk gjennom sommaren, underskot.
- Momskompensasjonssøknad; Angunn skriv søknad.

**Sak 2022/51: Søknad om støtte:**

Handsaming av søknad om støtte til prosjektet «Utbetring av stien til Samlen». Styret gjev tiltaket kr. 50.000,- i støtte på visse vilkår. Kasserar skriv svar til arbeidsgruppa.

**Sak 2022/52: Nærmiljøanlegget:**

Status restarbeid, natursteinsmur, nytt kunstgrasdekke i bingen. Arbeidet vert teke opp igjen ila august. Bingen er beisa med eitt strøk.

**Sak 2022/53: Andre saker/eventuelt:**

- BKK, montering av ladestasjon i Herand? Det er absolutt behov for ladestasjon i bygda. Butikkplassen er ei egna plass. Ole har fått kontaktinfo til «rett person» i BKK av Bjørsvik (på butikken) og følgjer opp saken.

**Neste styremøte tysdag 13.09.22 kl. 19.00 på Herand kulturhus**